

Gamle tufter og heimstølar

Heimstølane vart brukt om våren før krytyr skulle til fjells, og når dei kom att derifrå om hausten, før dei skulle til gards att.

Følgjer du Heimåsvegen frå øvst i Hådnabakkane, langs åsbråtet i Kvinnegardslia, kjem du litt søraust for søre Tjødnstølen. Vegen vart bygd i 1987–89 som skogsbilveg. Den er stengt med bom.

Blant heimstølane du passerer er Nødre Tjødnstølen, som ligg i solhelling med vatn nedom. Heimstølen til Rudmyrn, er rydda litt opp for bjørk, og ligg nedom vegen.


Heimstølane er ikkje så flittig i bruk lenger, og fungerer nok mest som hytter.

Du ser også spor etter gamle tufter langs vegen.

Heimstølen til Rud, er rydda for skog og ligg i bakkane ned mot Kvinnegardslie med god utsikt ned til bygda og Hallingskarvet. Skulle du bli freista til å ta deg ein ekstra lang tur, kan du slå inn på ein liten stig frå søre Tjødnstølen som leier opp til Fjellvegen, og gå over til Vats. Bruk kart!


Sjå også tur 6.1/1.1 Fjellvegen.


På vinterstid går skiløypa frå Stavestølane, nedom søre Tjødnstølen og etter Heimåsvegen til Mykingstølen.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



 Følgje Øvre-Ålsvegen til Hådnabakkane i Kvinnegardslia. Bomveg ved garden Sletto.

 Fleire gamle tufter og heimstølar.

 Parkering på venstre side av vegen der Heimåsvegen tek av frå vegen til Hevjanåsen.

 Skogsbilveg, lett kupert.

 3 km.

